Frøyland & Orstad kyrkjelyd

# 6. soknerådsmøte 2015, 19. mai : Referat

## Mat: Ragnhild

| Sokneråd FOK | Tilstede: | Merknader / Vararepresentant: |
|---|---|---|
| Jon Lende | X | Leiar av soknerådet |
| Tor Arne Laland | X | |
| Sigve Klakegg | X | |
| Karl Inge Lygre | X | Nestleiar |
| Helen Hetland Mori | X | |
| Ragnhild Vaage | X | |
| Venke Ueland | | 2.vara |
| Astrid Judith Møller | X | |
| Stab FOK | | |
| Morgan Fjelde | X | Sokneprest |
| Ingunn Matre | X | Dagleg leiar |

| | |
|---|---|
| | Delerunde og bønn |

| | |
|---|---|
| Sak:30-15. | Godkjenning av innkalling . Godkjent med merknad om at dato er feil og at det er ei ekstra orienteringssak. |
| Sak:31-15. | Godkjenning av referat frå møte 14.april . Referat godtkjent<br><br>**Orienteringssaker :**<br><br>1. Orientering frå stab. Veldig glade for 3 flotte konfirmasjons gudstjenester gjennomført med mykje gode tilbakemeldingar. Fokus på innspurt mot sommar og planlegging av hausten. Treng nye folk i ulike tenester til hausten. Mangler ein kyrkjetenar, team på scenedesign og minst eit team i jungelgjengen. Fremdeles ingen ett-åringer som har meldt sin interesse. Vil lage ein folder til utdeling i gudstenesta med oversikt over ledige tenester.<br>2. Givertjenesten i april – kr 118150.<br>3. Referat frå AU<br>Ei presisering av at dei 7,5 % av summen av utleige som no vert betalt til fellesråd frå Stiftelsen er for å dekka forbruksmateriale ved arrangementa.<br>4. Orientering frå møte hos prosten 6/5 for alle sokn. Helen og Karl Inge møtte der saman med representanter frå alle sokna. Alle skulle ha med og dela 1) største utfordring og 2) største glede. Vi delte 1) Vi veks ikkje som menighet. 2) Godt omdømme i bygda – mange er innom. |
| Sak:32-15. | **Høyring : Vegval for kyrkja**<br><br>Karl Inge Lygre sender ut dokument som det har vore arbeida med i eit utval han har leia med Tor Arne Laland og Marie Klakegg<br><br>Kommentarar og forslag til endringar frå gjennomgang i soknerådet<br><br>**Punkt 1** er veldig sentralt – Skal det gjerast endringar i korleis fordeling av oppgåver er på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå ?<br><br>SR sitt svar skisserer 3 nivå der prostinivået blir sterkt styrka , og bispedømme – nivå blir redusert.<br><br>**Punkt 3** Finansieringsordning for kyrkja<br><br>Tanken bak livssynsavgift er at er at dette er noko som vil gjelde for alle<br><br>**Punkt 8** : Fordeling av ansvar mellom fellesråd og sokneråd.<br><br>Vår modell bygger på en prostimodell, så dette er ikkje relevant<br><br>**Punkt 10** : Korleis dagleg leiing for virksomhet skal organiserast. |

| | |
|---|---|
| | Svaret gjer opning for at presterolla og dagleg leiar rolla kan, men ikkje må kombinerast. Presterollen, daglig leder rollen og tilsynsrollen som kirkerådet /bispedømmerådet er tenkt å ha må beskrives mer detaljert i ny ordning slik at ein i størst mulig grad unngår kimer til konflikt.<br><br>**Punkt 17** :<br><br>Presisera at det bør være ei arbeidsgjevarlinje<br><br>**Punkt 18 :**<br><br>Det må opnas for lokale og regionale variasjonar |
| Sak:33-15. | **Trusopplæringsplan**<br><br>Første utkast er klart frå trusopplæringsutvalet og vedlagt innkallinga **.**<br><br>Soknerådet ser at planen er bygd godt rundt det arbeidet vi allereide gjer for barn og unge og er svært nøgde med at denne planen har tatt ein god form.<br><br>Nokre kommentarer frå soknerådet :<br><br>• Gjera det endå tydelegara at denne opplæringa skal være eit supplement og hjelp til foreldre og fadderar sitt ansvar.<br>• Viktig å byggja eit opplegg rundt det vi deler ut .Sikra at brosjyrane om barns utvikling passar til norsk kultur.<br>• Omformulere det som står om PUST som kommunikasjonskanal sidan det mest sannsynleg ikkje vert gitt ut dette året. Satsa på ein eigen brosjyre når planen er godkjent<br>• Kommunikasjon – SMS må supplere e-post. Presisera korleis vi kommuniserar med ungdom<br>• Ide– kan vi invitere fremtidige konfirmanter og fjorårskonfirmantar til årets konf-gudstjeneste<br>• Planen beskriv gjennomgåande at alle tiltak skal det være godt og kjekt å komma. Dette er viktig for å skapa trivsel og tilhøyrighet , men vi treng også å kommunisere ekte og sant om livet til barn og ungdom.<br>• Ser at mange av tiltaka har låg terskel , men at dei likevel ikkje hindrar vidare arbeid for meir fokus på disippelskap for dei unge. |
| Sak:34-15. | **Mulig midlertidig engasjement om lag 20 % innanfor musikalsk / kreativt arbeid**<br><br>Det har opna seg ein muligheit med ein ressurs som er svært talentfull innanfor musikalsk / kreativt arbeid. Ruben Omdal driv eige firma FABEL media på full tid, men er open for om lag 20 % ekstra engasjement i Frøyland og Orstad kyrkje. Dette vil då være innanfor den ramma på 30 |

| | |
|---|---|
| | % stilling som fellesrådet dekker, og hovedprioritet vil være å fylgja opp de tre vaksne lovsongsteama og 2 FOKUS lovsangsteam.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Soknerådet stiller seg bak at dagleg leiar kan gå vidare til fellesrådet med ynskje om å få leige inn Ruben Omdal i 20 % stilling i første hausten 2015 til kreativt/ musikalsk arbeid. Ynskjer at det vert utforska muligheit for om vi kan leige han inn via firmaet i første omgang for haustsemesteret med muligheit for forlengelse. |
| Sak:29-15. | **Plan for auke av givartenesta**<br><br>I denne samanhengen treng dei største behova synleggjerast og prioriterast.<br><br>Behov som blir nemnt i førre møte:<br>kommunikasjon<br>menighetsplanting<br>diakonikoordinator<br>frivillighetskoordinator<br><br>Til dette møtet :<br>Alle set opp ei prioritert liste med ti områder som vi vil gjera meir med om vi har meir penger.<br><br>**Vedtak :**<br><br>Utset dette til første møte etter sommaren |
| Sak:35-15. | **Arbeid med kulturdokument**<br><br>Utvalget har arbeida med å sammenfatta dei kategoriseringane som alle spela inn. Har vurdert kva av inndelingane som favna best mulig dei punktene som kom fram i arbeid fram mot leiarsamlinga på Utsikten – har konkludert med at inndeling i verdiar gir best oversikt, men vurderer om nokre av verdiane skal få nye «titlar»<br><br>Viktig at saksbehandlinga i soknerådet på dette tidspunktet er at utvalget ønsker tilbakemelding på prosessen, endringen av ord eller innspel på nye. Er det dette en utvikling i den retning en ønsker for å fange opp den prosessen vi har hatt ? |

| | |
|---|---|
| | **Vedtak :**<br><br>Formen på oppsummeringen ser tiltalende ut til nå.  Soknerådet støttar at arbeidet med det kortfatta dokumentet held fram i den retning det er tenkt no, men at det nok også må fylgja med eit litt meir beskrivande dokument som gir litt utfyllande informasjon.<br><br>Ynskjer at arbeidsgruppa sender dokumentet ut til alle som var med til Utsikten for kommentarer. |